

Nr.5 - oktober 2022

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

6.november, Helgemessesøndag

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Solheim kyrkje kl. 14:30

Frøyset kyrkje kl. 17:00

Minnegudstenester ved Torbjørn Sæle

Takkoffer til «Voksne for barn»

13.november

Fjon Fjellkyrkje kl. 16:00

Open gudsteneste i samband med konfirmasjonsleir.

v/Torbjørn Sæle og Bergit Ynnesdal

Takkoffer til «Barnevakten»

4.desember

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og

Tina Meland Corneliussen

Deltakrar frå «Lys våken» er med i gudstenesta.

Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

4.desember

Granneheimen kl. 18:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til NMS (Det Norske Misjonsselskap)

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no

Døypte



18.09.22 Sigrid Olava Reknes

Frøyset kyrkje

Foreldre: Anne Merethe Reknes og Odd-Gunnar Heggernes Larsen

25.09.22 Saga Andvik Brandsøy

Sandnes kyrkje

Foreldre: Helen Andvik og Kim-Henrik Brandsøy


Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Dødsfall

18.09.22 Målfrid Sleire, f. 1932

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

Foto framside: Torbjørn Sæle





BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

– Pappa,
kvifor gifta du deg
med mamma?
– Fordi mor di er ei
helt spesiell kvinne.
– Korleis då?
– Ho var den einaste
som ville ha
meg.

– Eg klarer
ikkje å sove når eg
har drukke kaffi!
– Så rart! Med meg er
det omvendt: Eg klarer
ikkje å drikke kaffi
når eg sov.

GODE OG DÅRLEGE NYHEITER



Eg vil tru det er fleire enn meg som i løpet av ein dag pleier å få med seg nyheiter; på nett, i aviser, på radio, og så er vi gjerne innom ei nyheitssending på tv i løpet av kvelden. I dei riksdekkande media, særleg på tv, er det ofte dårlege, dystre nyheiter som møter oss. Nokre gongar med ei gladsak på slutten av sendinga, som kan gje lys litt lys i mørket og gjerne få oss til å smila.

I lang tid det var det koronarelaterte nyheiter som møtte oss dagleg. No høyrer vi om krig og død, truslar og farar, prisauke og energikrise. Og mange kan kjenna på ei uro både for seg sjølv, arbeidsplassen og verda.

Bibelens mange bøker rommar mykje, også vanskelege tider, krig og naud, og klageropa får stor plass, mellom anna i Salmane. Likefullt er det i Bibelen dei gode nyheitene som står fram som det viktigaste. Med stadige oppfordringar til framtid og håp. Og ord om fred, ein annan fred enn denne verda kan gje. Og ordet evangelium betyr jo nettopp godt nytt! Gode nyheiter! Fortellingane om Jesus er gode nyheiter. Og dei er fulle av liv. For Gud vil liv. Og Jesus kallar seg sjølv for nettopp vegen, sanninga og livet (Johannes 14,6).

Jesus gjekk rundt og gjorde at fleire fekk liva sine endra. Ja, til og med døde fekk livet tilbake, i møte med han som sjølv skulle sigra over døden og stå opp igjen til nytt liv.

6. november markerer vi helgemessesøndag. Dagen då vi særleg minnst dei som har gått bort. Mange tenner lys på gravene og det er minnegudstenester. Vi minnst våre kjære og ser tilbake på liv som har teke slutt. Samstundes kan vi retta tankane fram mot det evige livet, livet på den andre sida av grava. I håp om det nye livet som ein gong skal koma, då død, sorg og smerte ikkje skal vera meir. Då dei dårlege nyheitene er overvunne for all tid.

For kjærleiken er sterkare enn døden og Gud vil liv. Her og no, og i all æve.

Torbjørn Sæle, sokneprest

EIN DAG FOR Å MINNAST

6. november er det
helgemessesøndag og
minnegudstenester i alle tre
kyrkjene i Masfjorden.

Helgemesse – eller allehelgen – er
ein dag for å minnast dei som er
døde. Samstundes er det ein dag
med håp. Håpet om ein ny himmel
og ei ny jord, utan liding, sjukdom
og død.

Vi takkar Gud for livet og
fellesskapen, og vi ber om hjelp i
sorga og saknet etter våre kjære.

Namna på dei som har gått bort det
siste året vil bli leste opp, og det
blir tent lys i kyrkja. Mange tennar
også lys på gravene denne første
helga i november.

Familiar som har mista nokon det
siste året vert spesielt inviterte
denne dagen, men gudstenestene
er open for alle.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest



Bøn om fred

Gi fred, å Herre Gud, gi fred i våre harde tider!

Stig sterk og nådig til oss ned når vi i avmakt strider!

Gi verda fred, å Herre.

Norsk salmebok nr. 730

MIN SALME

AV KANTOR BORIS KUPRIJANOV



Kantor Boris Kuprijanov. Foto: Torbjørn Sæle

Det var i kyrkjekoret OsterKlang eg først blei kjend med denne salmen, eller bøn, som eg vel å kalle den. Koret song den ofte som ei avsluttande velsigning på gudstenesta.

Det hender at eg syng/ber songen som ei bøn for slekt og vener og for barn og barnebarna i Oslo. Orda treff meg og talar til meg om det vakre i livet, om naturen som vi er ein del av, om Gud, som viser omsorg både for naturen og for oss.

Denne songen fokuserer på det som gjer livet innhald og mening. Salmen hjelper meg å setje ord på ei lengt eg har for menneske eg er glad i. Den minner meg om den enkle og ekte gleda, som nokon av oss kallar velsigningar. Det er ikkje noko eg kan gjera meg fortent til, men eg kan legge merke til dei midt i kvardagen.

Fakta:

Salmen "**Må din vei komme deg i møte**" er ein gamal irsk folketone, der teksten er basert på ei vakker keltisk velsigning. I ei tid då regnet enten uteblei eller kom i alt for store mengder, er det på sin plass å be om at regnet må "falle mjukt mot di jord".

Salmen blei oversett til norsk av Hans Olav Mørk og finst i Norsk Salmebok på nummer 624.

Her er originalteksten til salmen på engelsk:

May the road rise to meet you
May the wind be always at your back
May the sun shine warm upon your face,
The rains fall soft upon your fields
And until we meet again.

Omsett til nynorsk
av Else Iren Westervik:

Må din veg kome deg i møte
Vinden alltid vera i din rygg
Og må sollys leika på ditt kinn
Regnet mjukt få falla mot di jord
Og må Guds milde hand verna om deg
Til me møtes igjen.



SMIL FRÅ SKY

ein morgon ny
med smil frå sky
strålar ned
himmelsk fred
eit lysglimt sjå
det vil deg nå
velkommen inn
i sjel og sinn
tving mørket bort
ja helst litt fort
o Jesus fyll meg opp
i kropp frå tå til topp
med kjærleik håp og tru
du som i meg vil bu

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

KONFIRMANTAR HAUSTEN 2022

Etter eit langt konfirmant-år var det no tid for den store konfirmasjonsdagen.

Først ut var årets Sandnes-konfirmant, som vart konfirmert i gudstenesta der det også var dåp. Dermed var samanhengen mellom dåp og konfirmasjon ekstra tydeleg på ein måte som både konfirmantfamilie og dåpsfamilie sette pris på.

To septembersøndagar i fint vær var det ei konfirmasjonsgudsteneste på Solheim og ei på Frøyset. Endeleg kunne ein igjen samlast mange, og kyrkjene var fylt til siste rad av ei festkledd forsamling.

I konfirmasjonsgudstenesta vart det sunge songar som konfirmantane har blitt kjende med gjennom året, og i preika fekk dei høyra om sin uforanderlege verdi som Guds barn og at Gud vil visa veg og gje oss styrke: «Alt maktar eg i han som gjer meg sterk.» (Fillipparane 4,13)

Knelande ved alterringen vart bøna for den enkelte avslutta med følgjande setning:

«Velsign og bevar dei i Jesu Kristi namn.»

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest



Sandnes kyrkje 13. august 2022:
Sokneprest Torbjørn Sæle,
Ken Henrik Kvingedal,
ungdomsarbeidar Bergit Ynnesdal.
Foto: Gry Hélen Hope Kvingedal



Foto: Alimaa Tomor



Solheim kyrkje 11. september 2022:

Frå venstre: Simen Hjartholm Langhelle, Markus Fjelldal, Peder Kornelius Oppedal, Eli Dahle, Sunniva Vågseth, Sara Isabell Heimdal, Alma Sofie Solheim Sandvik, Lena Marie Haugsvær, Ingrid Hope Aga, ungdomsarbeidar Bergit Ynnesdal

Foto: Torfinn Aga



Frøyset kyrkje 18. September 2022:

1. rekkje frå venstre: Sokneprest Torbjørn Sæle, Tiril Sleire-Gjerde, Johannes Érico Nilsen, Solveig Neverdal Daae, ungdomsarbeidar Bergit Ynnesdal

2. rekkje frå venstre: Nathaniel Pedersen De Jong, Kaspar Andreas Reknes Larsen, Ben Jonas Larsen Andersen, Guro Reknes Molland

3. rekkje frå venstre: Håvard Areklett, Emil Andreas Haukeland, Ådne Holmås, Joachim Birkeland Hjartholm

Foto: Ann Jorun Hillersøy

KONFIRMANTFEST PÅ FJON

Nærmare 60 personar var samla på Fjon fjellkyrkje då soknerådet inviterte årets konfirmanantar med foreldre til felles konfirmanntfest 28. september.

Det var flott å kunna samlast til fest midt i veka og kjekt at så mange av årets konfirmanntfamiliar ville og kunne komma.

Frivillige frå sokneråd og kyrkjelydsutval stilte med kaker, laga til, pynta i hausttema, rydda og vaska opp. Kyrkjeverje Eli Eidsnes leia forsamlinga gjennom kvelden og soknerådsleiar Rune Garmann helsa konfirmanntane. Han og snakka om undring og spørsmål og gav nokre «nøklar» for vegen vidare.

Ungdomsarbeidar Bergit Ynnesdal hadde laga quiz og utfordra til konkurranse om å få flest mogleg marshmallows i munnen. Helga Ekehaug, som har følgd konfirmanntane det meste av året før ho gjekk ut i permisjon, har god marshmallowserfaring frå tidlegare konfirmanntsamlingar, men fekk hard konkurranse frå konfirmanntar og foreldre med stor innsatsvilje.

Under middag og kaffi og prat, rulla bilde frå konfirmanntåret over skjermen. Og i ein pause kunne bunad- og dresskledd konfirmanntar samlast til fotografering.

Konfirmanntfesten markerer ei avslutning på konfirmanntåret, men på ingen måten eit punktum, heller eit kolon: Underteikna minna konfirmanntane om å bli i Guds kjærleik og i gode fellesskap.

Konfirmannt Peder Oppedal held ein kort tale og takka for konfirmanntåret ved å overrekka blomar til konfirmanntleiarane.

Tusen takk – og takk for ei flott avslutning på konfirmanntåret!

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



BLI KJENT-DAG FOR NYE KONFIRMANTAR

Det vart ein kjekk dag med leik, brevlaging og besøk til sjukeheimen for dei nye konfirmantane.

Bli kjent-dagen på Nordbygda 17. september var ein dag for å bli betre kjent med kvarandre, med konfirmantleiarane, med Kristuskransen og med Konfirmantbibelen.

Dagen begynte med å prate litt om Kristuskransen som konfirmantane skal ha mykje om gjennom trusopplæringa si. Det var også nokre bli kjent-leikar.

Konfirmantane lagde så kort med bibelvers som dei sjølv fann fram til i Bibelen og pynta korta dei skulle gje ut seinare på dagen. Her var det også mykje prating og latter.



Foto: Bergit Ynnesdal

Då konfirmantane var ferdig med å lage breva sine så tok vi oss vidare til gymsalen der vi hadde litt leikar og spelte fotball og kanonball.

På slutten av Bli kjent-dagen gjekk konfirmantane opp på sjukeheimen med brev og roser som dei delte ut til bebuarane. Der vart det fine møte mellom unge og eldre og mykje prating og glede.

Tekst: Bergit Ynnesdal, ungdomsarbeidar

Foto, under: Torbjørn Sæle





KONFIRMANTSAMLING 50 ÅR ETTER

Våren 1972 vart 37 ungdomar konfirmerte i Masfjorden. Seinare har sju gått bort.

25. september 2022 var me, 30 attlevande, inviterte til konfirmasjonssamling i Sandnes kyrkje, med påfølgjande middag på «Snikkarbua» på Kvingo.

18 av oss melde oss på, og me var alle spente på kven av dei andre som ville vera med denne dagen. Gjensynsgleda var stor då me møttest i Sandnes kyrkja til gudsteneste. Det er ni år sidan sist me hadde treff, då som 40-års jubilarantar frå endt ungdomsskule. I 1972 gjekk alle ungdomsskuleelevane i Masfjorden saman dei to siste skuleåra, på Sandnes skule. Me knytte band, som syner seg å halda sjølv 50 år etter.

Etter ei fin gudsteneste med dåp og mange menneske i kyrkja, gjekk turen til Kvingo. Der vart me tekne imot av familien Fredheim Ekren. Dei ønskte oss velkomne inn i eit festpynta lokale. Maten var velsmakande, og praten gjekk livleg rundt borda.

Sokneprest Torbjørn Sæle var festleiar. Han hadde laga ein quiz til oss med tema: «1972». Johannes Lyngset spelte til allsongane, og hadde sjølv eit musikalsk innslag på festen.

Sjølv om fleire var langvegsfarande, både frå Oslo, Florø, Stord, Hardanger og Austevoll, sat det langt inne å bryta opp for å koma seg på heimveg. Då me takka for oss klokka 18 var planane lagt for neste treff i 2023, feiring av 50 år sidan endt ungdomsskule. Me takka kvarandre for ein fin dag, og ønskjer at me alle, pluss dei som ikkje hadde høve til å vera med denne gongen, kan møtast til meir mimring hausten 2023.

Takk til kyrkja i Masfjorden som tek initiativ til desse samlingane!

Tekst: Gro Marit Kvinge Tande.
Foto: Eli Eidsnes



EIN TAKK FOR HAUSTEN

Søndag 25. september var Sandnes kyrkje pynta med litt av «markens grøde» då det vart feira hausttakkefestgudsteneste.

Barn og unge var med og bar inn frukt og grønt i gudstenesta som var med dåp og nattverd, konfirmantpresentasjon og med 50-årskonfirmantar.

Hauستakkefest er ei mogleg årleg temagudstenesta der vi kan få uttrykka vår takksemd for det vi kan dyrka, og det som Gud, vår skapar, let få veksa fram. Det som vi igjen kan sankta, hausta på denne tida av året – om hausten.

Evangelieteksten for dagen var den korta bønna «Gje oss kvar dag vårt daglege brød.» Ei bøn som rommar dei daglege behova – slik vi kan synga eit enkelt takkevers: «For helse, glede dagleg brød, vi takkar deg og Gud. Amen».


Dagens bøn for hausttakkefest rommar mykje og går som følgjer:

**Gud vår skapar,
vi takkar deg som lét jorda bera fram grøde
og gjev oss alt vi treng.**

Vi bed deg:

**Minn oss dagleg om at alt som er skapt høyrer deg til,
så vi tek imot gåvene dine med takk
og deler med dei som lid naud,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen.**

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



TÅRNAGENTHELG I SOLHEIM KYRKJE




Laurdag 1. oktober var det ein del underlege ting som skjedde i Solheim kyrkje, noko som gjorde at me trong agentar. Då blei alle 7-, 8- og 9-åringane inviterte til Tårnagenthelg, der ein skulle løyse mysterium og delta i gudstenesta.

Det var ein del merkelege og mystiske ting som hadde skjedd i kyrkja, blant anna var kyrkjeskattane forsvunne. Ingen visste kvar dei hadde teke vegen, men ein ting visste me sikkert, at me måtte løyse dette mysteriet. Agentane var ivrige og leita godt etter spor som kunne fortelje kvar skattane hadde tatt vegen. Dei fann spor etter spor, og fann fleire ulike gåter dei måtte løyse. Gode agentar som dei var, så klarte dei å løyse alle saman, og det klarte dei ganske kjapt også.

Då dei leita etter spor fekk dei utforska kyrkja, og fann mange skjulte rom. Blant anna fann dei eit rom over alteret, der ein kan opna veggens slik at menneske kan sitte der på heilt spesielle gudstenester. Dei gjekk også opp i klokketårnet og fekk utforske kyrkjeklokka, her var agentane veldig tydelege på at ingen måtte ringe med klokka når nokon var i tårnet, for det hadde gjort vondt i øyra! Heldigvis hadde me med oss

kyrkjetenar Åse Marit som kunne fortelje og vise oss litt om kyrkjeklokka. Ho kunne blant anna vise at det var nokre vindauger som me kunne opna, og der kunne me sjå ut over gravplassen. Ho fortalte oss at der kunne ein opna når ein skulle ringe inn til gudstenesta, for da kunne ein sende lyden enda meir ut så den kunne høyrast betre. Agentane fekk også prøve å ringe med klokka, noko som var kjempegøy!

Under gudstenesta var agentane delaktive med det dei hadde lært om dagen før, og var med på både song og bøn. Dei song også om det «hemmelege» språket dei hadde lært seg, «Talita kumi», som betyr «vesle jente stå opp». Dette er henta frå bibelhistoria då Jesus var på ei reise, og ein far kom til han og spurte om han kunne hjelpe den vesle jenta hans, som var sjuk og seinare døydd. Jesus gav då liv igjen til jenta, og ho stod opp igjen. Me song også songar som handla om å dela det me har, og agentane hadde mange ulike forslag på kva ein kan dela med kvarandre. Me kan mellom annet dela mat, hus, leiker og mykje meir. Etter gudstenesta så fekk agentane agentkake, noko som var verkeleg velfortent. Me vil seia takk til agentane som hjelpte oss å finne



skattane, og som kunne vere med på å løyse mysteriet.

Neste gong det skal vere Tårnagenthelg er allereie i mars 2023. Då blir dei som er eller fyller 7, 8 og 9 år i 2023 invitert til å delta. Tårnagent skal vere laurdag 11. mars i Sandnes kyrkje med gudsteneste søndag 12. mars same stad. Agentar er hjarteleg velkomen til å delta. Meir informasjon kjem etter kvart.

Tekst: Tina Meland Corneliussen, trusopplærar

Foto over og t.h.: Torbjørn Sæle



Hei.

Vil du vera med på

BARNEFORENING

i kyrkjelydssalen på Sandnes i haust?

Klokka 16.00–17.20 desse onsdagane:

26. oktober


9. november

23. november



Me høyrer frå Bibelen, har ein liten utlodding og et litt på kvar samling. Og så lagar me fine ting til gevinster!

Barneforeninga er tilslutta *Det Norske Misjonsselskap*, og arbeider spesielt for borna i Thailand. På kvar barneforening har me ei bøsse, der me kan putta på pengar. Me arbeider fram mot ein basar til våren. Pengane som vert samla inn, vert brukt til blant anna skulegong og barnehage gjennom kyrkja i Thailand.



Velkommen til alle som vil frå 4 år og langt oppover (og til vaksne som vil hjelpa til!)

OM FRIVILLIG ARBEID I KYRKJA, DEL 2: KVA?

KVA KAN EIN GJERE- OG KOR MYKJE MÅ EG GJERE?

Truleg er det like mange svar på dette spørsmålet, som det er folk som spør. Vi er så ulike: Nokre kan synast det er greitt å vere ein del av dei som avgjer saker som angår kyrkja. Andre likar gjerne å planlegge og organisere og kan bidra med å organisere dugnadsarbeid og andre tenester. Atter andre er av det meir praktiske slaget, og kan bidra med kakebaking og kaffikoking når ein inviterer til kyrkjekaffi, eller ta på seg rolla som kyrkjevert og ynskje folk velkomne til gudsteneste. Det er også ynskjeleg med litt ekstra vaksnehjelp når ein skal gjennomføre opplegg for born i kyrkjene, som til dømes «Tårnagent» og «Lys vaken». Og å ta eit tak med litt hagearbeid med luking og slikt på kyrkjegardane er også høgst velkomne.

Medan nokre av oss har bra med disponibel fritid og dermed høve til å gjere mykje over tid, er det andre som har kvardagen fylt opp med mange ulike gjeremål, og som kanskje kan bidra ein og annan gongen.

Det er bruk for alle. Alle sin innsats vert verdsett.

Då dei gamle sokna våre vart slegne saman til eitt Masfjorden sokn, vart det gjort litt med organiseringa av oppgåvene: Soknerådet/fellesrådet har overordna ansvar for det som skjer i soknet, og tek stilling til saker som gjeld alle tre kyrkjekrinsane.

Til kvar kyrkje er det skipa eit kyrkjeutval, som har spesielt ansvar for å sjå til «si» kyrkje, og å bidra med praktiske oppgåver når det vert halde gudstenester eller andre tilskipingar i kyrkja. Ein kan fungere som kyrkjevert og ynskje folk velkomne og hjelpe dei til rette. Ein kan vere kaffikokar. Ein kan bake ei kake.

Men dei som er i kyrkjeutvalet, treng ikkje ha ansvaret for dette åleine. Har einkvan lyst til å bidra med ein innsats av noko slag, er ein velkomen til det. Og om ein seier seg villig til å bidra ein gong, har ein ikkje bunde seg til meir enn akkurat det. Sameleis er ein ikkje bunden til å delta fast på alle arrangement for born og unge, dersom ein tilbyd hjelp til eitt av dei.

Og slike litt tilfeldige bidrag er viktige: For det fyrste gjer dei jobben til staben og medlemene av kyrkjeutvala litt lettare over tid. Like viktig er det at kvart bidrag synleggjer at kyrkja har bruk for oss alle, og ynskjer alle som vil hjelpe, hjarteleg velkomne.

Med andre ord: Det er alt lagt til rette for at fleire enn dei som er vald inn i verv, kan bidra etter lyst og høve. Det er berre å melde seg – eller å seie ja når ein vert spurd. Meir om dette siste i neste nummer av Masfjordingen.

Tekst og foto: Rune Garmann



LYS VAKEN



No nærmar me oss ein månad der det skjer mykje, og som ofte er prega av lys, nemleg desember. Då kan det vera godt å samlast med andre, vera merksam på det som skjer rundt oss, og overfor kvarandre. Dette gjer at me i kyrkja ynskjer å invitera dei som er 9, 10 og 11 år til «Lys vaken», som er eit trusopplæringstiltak der ein kan overnatta i kyrkja.

«Lys vaken»
vert i Frøyset kyrkje,
laurdag 3. desember til søndag 4. desember.

«Lys vaken» handlar ikkje om at me skal vera vaken heile natta, men heller være vakne for det som er rundt oss. Vera vakne for folk me er med, og verte kjent med både kyrkja, og relasjonar me har til Gud og andre. Me kjem til å ha eit opplegg der me har ein del leiker og oppgåver, og ein middag saman.

For å få til «Lys vaken», så treng me litt hjelp.

Me treng frivillige som kan lage mat, dekke på bordet, rydda, registrera, og ikkje minst vera til stades for borna som er der.

Kanskje du har lyst å vera frivillig?

Ta kontakt med trusopplærar: Tina Meland Corneliussen.

Det blir sendt ut invitasjon til alle 9-, 10- og 11-åringar, der det kjem meir informasjon om arrangementet. Me vil minna på at me berre har høve til å senda invitasjon til dei som er medlem i kyrkja, eller som er abonnementar på trusopplæringsstiltak.

Alle som er 9, 10 og 11 år er hjarteleg velkomne, så om du har eit born som har lyst til å vere med, så er det berre å ta kontakt.

Tekst: Tina Meland Corneliussen, Trusopplærar.

SMÅBARNSTRALL

Annan kvar torsdag i månaden kan ein høyre song, musikk og latter frå Frøyset kyrkjelydssal. Då samlast nemleg ei gruppe born og foreldre seg for ei songstund i kyrkjelydssalen. Her syng me ulike songar, der nokre er rolege, medan andre er det meir fart i som gjer at ein vil opp å dansa litt. Mange av songane er dei same kvar gong, slik at ein får kjennskap til songane, samtidig som det gjer tryggleik til borna. Me syng også nokre nye songar kvar gong. Og me seier nokre regler, som inneheldt ein del bevegelsar.

Under songstunda så brukar me ulike rytmeinstrument, som alle lagar sin heilt eigne lyd. Det er særleg gøy med rytmeegg, for dei ser ut som fargerike egg, men lagar lyd. Her er det berre å slå seg laus og bruka instrumenta, for det blir fine melodiar og lydar. Etter songstunda så et me litt lunsj saman, der me i kyrkja serverer litt frukt og saft. Her kan me også sitja å prata saman, og borna kan leike ilag.



Småbarnstrall er for dei som er mellom 0-3 år, men det er berre å ta med eldre sysken om ein ynskjer det. Småbarnstrall vert arrangert annan kvar torsdag i oddetalsveker, frå klokka 10:30 til 12:30.

Datoar for dei neste samlingane er:

27. oktober
10. november
24. november
8. desember

De er hjarteleg velkomen til ei hyggeleg songstund!

Tekst: Tina Meland Corneliussen, trusopplærar
Foto: Bo Mathisen

LIKAR DU Å SY OG VERA KREATIV?

Då inviterer me deg til ein kreativ kveld i Sandnes kyrkjelydsal, torsdag 3. november kl. 17:30 til 19:30.

Tradisjonen tru har det seg slik at når 4-åringane får utdelt ei bok, så blir dei invitert til å delta på dåpsskule. Der lager dei noko som heiter dåpstepper: Dåpstepper er tøybitar som ein teiknar på, og som blir til flotte bilete. Dei får ofte ein rammekant rundt seg, og me treng hjelp til å sy rammekantar rundt dåpsteppene. Kanskje du har lyst å vera med å hjelpe oss? Alle er velkomne til å delta, så inviter gjerne med nokon du veit om som er glade i sy. Me serverer litt frukt, kaffi/te og saft.

Velkomen til ein kjekk kveld i Sandnes kyrkjelydsal!



Ta kontakt med trusopplærar Tina Meland Corneliussen viss det skulle vere noko.

Tekst: Tina Meland Corneliussen, trusopplærar

VELKOMEN TIL EI SVÆRT SPESIELL FRAMSYNING

Å sitje saman med andre og høyre nokon fortelje, kan vere ei fin oppleving. Å sjå bilete knytt til det som vert fortalt, gjer opplevinga rikare. Og musikk som høyrer til, gjev opplevinga endå eit lyft.

Tysdag 22. november kl.19:30 kan vi alle få oppleve dette i Solheim kyrkje. Då får vi besøk av Christian Stejskal, forteljar, fiolinist og fotograf. Han vil dele med oss forestillinga

«Markusevangeliet». Her resiterer han evangeliet etter Markus, og dette er sett saman med fotografi han har teke på ulike stader i Midtausten. Innimellom spelar han eigenkomponert musikk på fiolin.

Christian Stejskal er utdanna fiolinist frå musikkhøgskulane i Oslo, Hannover og Bern. Han har lang fartstid som orkestermusikar i mellom

anna Den norske opera sitt orkester, Trondheimsymfonikarane og symfoniorkestra i Kristiansand, Stavanger og Tromsø. I tre år var han fyrstefiolinist i Kairooperaen sitt orkester.

Samstundes har han arbeidd som fotograf på høgt nivå, og han kan syne til utstillingar både her heime og i utlandet. Medan han arbeidde som fiolinist i Kairo, laga han ein fotodokumentasjon om livet til «zabaleenarane», kristne renovasjonsarbeidarar i Kairo. Dette resulterte i den kritikarroste multimediaframsyninga «Mitt nabolag», som er vist over 200 gongar i Noreg. Prosjektet var støtta av mellom andre Fritt ord, Stiftelsen Astrup Fearnley, samt Den norske ambassaden i Kairo.

Forestillinga «Markusevangeliet» er ei oppfylgjing av «Mitt nabolag». Utgangspunktet er evangeliet etter Markus, slik vi finn det i Bibelen. Fotografia, skriv Christian Stejskal, «illustrerer evangeliet med utgangspunkt i om Jesus hadde kommet til et postmodernistisk Midtøsten i 2020...».

Dette kan verte ei spanande og interessant innleiing til adventstida. Velkomne, alle!

Det vert ikkje teke inngangsbillettar til denne framsyninga. I staden oppmodar ein alle som vil, til å gi ein skjerv via VIPPS. Inntektene vil verte lagt i eit fond som skal nyttast til å bidra til at ein kan halde fram med å lage til kulturelle arrangement i kyrkjene våre.

For Masfjorden sokneråd,
Rune Garmann, leiar

Foto: © Christian Stejskal



NYTTIG OG KJÆRKOMMEN GÅVE TIL MASFJORDEN SJUKEHEIM

Måndag 10. oktober kom leiar og nestleiar i Pensjonistforbundet Nordbygda på uventa besøk til sjukeheimen. Med seg hadde dei 20 songbøker som gåve frå Pensjonistforbundet.

I koronatida oppfordra Pensjonistforbundet medlemmane sine om å senda inn framlegg til songar som kunne brukast til ny songbok. Det kom inn nær 2000 forslag. Etter sortering sto ein igjen med 111 songar som fekk plass i den nye boka. Boka inneheld gode, gamle songar, men og songar frå litt nyare tid.

Pensjonistforbundet gjev 20 bøker til ein sjukeheim i kvar kommune i heile landet. Kvart lokallag som er tilslutta Pensjonistforbundet får ti bøker, utover dette kan laga kjøpa fleire.

Berit Totland og Haldis Ulvatn som leia songstunda ved sjukeheimen denne dagen hadde ytra ønskje om nye songbøker med andre songar. Gåva vart såleis godt motteken, ja, så godt motteken at det var ein rørt leiar i Pensjonistforbundet Nordbygda som forlet sjukeheimen denne dagen.

Tekst: Ivar Haukeland



*Nestleiar Marit Løvik og leiar Ivar Haukeland overleverer songbøkene til Berit Totland på arbeidsstova på sjukeheimen.
Foto: Haldis Ulvatn*



KOR-ILDSJEL

Liv Oda Dale vart nyleg tildelt tittelen Kor-ildsjel.

I skildringa for ildsjel-tittelen står det:
Ei kor-ildsjel er den som alltid yter litt ekstra. Ei som har gjort ein solid frivillig innsats for koret. Ildsjela er den som står på for entusiasmen som kjenneteikner norsk korbevegelse.

Av Norges Korforbund Hordaland sine 122 medlemskor vart det nominert ni ildsjeler. Songkoret Spleis nominerte Liv Oda, og ho vart overraska med diplom og blomar på korøving nyleg.
Gratulerer, Liv Oda!

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes
Foto: Jan L. Jacobsen

ELDREPRISEN TIL MAGNE (90) OG KNUT (90)



Magne Andvik og Knut Nordland er tildelt Eldreprisen for 2022. Prisen vart overrekt i samband med eldredagen i Masfjorden. Det var ordførar Karstein Totland som sto for overrekkinga.

I grunngjevinga for tildelinga omtala ordføraren prisvinnarane som heidersmenn. -Begge fylte 90 år sommaren 2022. Dei utmerkar seg med å ha vore svært engasjerte og aktive i pensjonistlaget på Sørsida. Dei har også alltid støtta opp om og møtt fram på felles tilstellingar for seniorgruppa i kommunen vår. Dei er alltid med, er positive, støttande, kunnskapsrike og har godt humør! Begge har vore/er viktige sjåførar for eldre utan bil og førarkort, slik at dei kan delta i arrangementa for pensjonistar og andre seniorar. Begge har alltid vore med i planlegging, praktisk arbeid, tilrigging, rydding og oppvask etter aktivitetar for eldre. Magne har vore varamedlem, styremedlem og økonomiansvarleg i Masfjordnes pensjonistlag frå tidleg på 2000-talet heilt fram til 2022, då han sa frå seg attval.

Knut har mellom anna lagt tilhøva godt til rette for fysisk aktivitet for eldre, ved å snikra kvilebenker langs vegane i Andvikgrend.

-Vi meiner dei på alle vis fortener ein pris for det dei er og det dei bidrar med i pensjonistmiljøet i kommunen vår, avslutta ordførar Karstein Totland, før han saman med leiar i Eldrerådet, Ivar Haukeland, overrekte diplom og blome til prisvinnarane.

Det var to rørte prisvinnarar som takka for prisen, samstundes som dei takka for å kunne vera ein del av eit fellesskap og vera til nytte, hjelp og glede for andre i dette fellesskapet.





Markering av Eldredagen

Eldredagen vart markert med festsamkome på Nordbygda samfunnshus for kring 60 pensjonistar. Ordførar i Solund, Gunn Åmdal Mongstad, var talar for dagen. Ho snakka mellom anna om personar i nær familie som har vore viktige inspirasjonskjelder for henne. Song og musikk har alltid hatt ein stor plass i livet hennar, og i løpet av talen hadde ho nydelege framføringar av Blå salme og Den dag kjem aldri. Avslutningsvis framførte ho Hans Steinsund sin vakre tekst om Solund som ho sjølv hadde sett tone til.



Sanna(10) og Sofie(9) frå kulturskulen song og spelte saman med lærar Jon Martin Skauge, og dei fekk velfortent stor og god applaus.

Frå naboen i sør kom gammaldansorkesteret « I G-dur» med feiande, frisk dansemusikk og gamle slagerar, i tillegg til at dei sto for tonefølgje til allsongen. Dei mimra om at her hadde fleire av medlemmene spelt til dans på 80-talet då samfunnshuset var heilt nytt. Og så måtte dei forklara det litt spesielle orkesternamnet. Det har seg slik at dei fleste melodiane dei har på repertoaret går i G-dur. Ein konferansier på Lindås var ikkje heit stø i dette med dur og moll, og hadde ein gong introdusert dei som gamaldansorkesteret «G-streng».

Etter middag og dessert var det tid for beinstrekk og prat før Lovisa Midtbø fortalde og viste bilete om historia til skulemuseet på Sleire, og om oppgraderingsarbeidet som er gjort ved skulemuseet det siste året.

Frøyseth gardsmat sto for velsmakande mat, og dyktige 10.

klassingarar frå Nordbygda skule serverte med stil. Stødig festleiar var Ivar Haukeland, som alltid smilande og blid, og med gode historiar og replikkar på lur gjennom heile festen.



Tekst og foto: Frank Kvinge



GLIMT FRÅ NYOPNINGA AV SKULEMUSÉET PÅ SLEIRE 1. OKTOBER

Skulestova i skulemuséet på Sleire var fylt til randen, og alle dei frammøtte fekk til opning servert lokale tonar frå Laila Kolve på fløyter og Kjersti Wiik på song. Framføringa av Harpevisa om dei to søstrene som kjempa om same mannen, og der den eine drep den andre, gjorde sterkt inntrykk, og visa om karane frå Fosse som rodde til byen «på handel» fekk fram gapskratten.

Lovisa Midtbø hadde ein svært interessant biletpresentasjon av lærarinna Oline Høsteland. Lovisa sit på eit stort materiale etter Oline, eller Lilla, som ho vart kalla,



med bilete, klede og bøker. I presentasjonen gav ho eit levande tidsbilete både av Lilla, det å vera utdanna kvinne på den tida og bygda ho vaks opp i, Hosteland. I lærarbustaden i 2. etasje er det no gjenskt ei stove slik Lilla hadde det, der bøkene hennar, kleda og bileta er utstilt.

Jon Martin Skauge fekk æra av å runda av kvelden med eigne viser, både gamle kjende og meir nyskrivne. Visa om ubåten ved Fedje fekk fram låtten i salen og på Morellesongen var det høg allsongfaktor.

Innleiingsvis sto ordførar Karstein Totland for den offisielle nyopninga ved å avduka to utstillingsdokker (gut og jente) ikledd tidsriktige klede frå 60-talet. Sleire grendalag og pensjonerte skulefolk har lagt ned ein imponerande stor dugnadsinnsats i og rundt skulehuset det siste året, og desse vart heidra for at muséet no framstår ryddig og innbydande, med ei informativ og variert utstilling.

I pausen serverte grendalaget kaker og kaffi, og publikum fekk ta muséet i nærare augnesyn. Det vanka mange godord om kor fint skulemuséet var blitt og kor interessant det var å gå frå rom til rom i utstillinga, og i uthuset. Og kor kjekt det var å ha ei slik intim kulturoppleving i eit slikt bygg.

Framover blir muséet vinterstengt, men til våren ønskjer kommunen å invitera skuleelevar, lag og organisasjonar, bygdefolk og turistar til skulemuséet. Og konseptet «Forteljingar i skulestova» ønskjer ein å halda fram med. Etter nyopninga har det kome mange gode idear til innhald i slike arrangement.

Tekst: Frank Kvinge
Foto: Mary Hope/
Tove Kristin Sleire Tistel



SKULEBILETET ER FRÅ HAUGSVÆR



I førre nummer av Masfjordingen etterspurde me informasjon om dette skulebiletet.

Frå Lene Christine Simonsen har me fått denne tilbakemeldinga:

«Biletet i Masfjordingen er frå Haugsvær. Biletet har me hengande på veggen i skulehuset. Me trur det er teke rundt 1913 eller 1914. Huset fekk seinare påbygd ein lærarbustad i eine enden, men det de har bilete av, er nok huset slik det opphavleg såg ut.»

I Masfjordboka band 2 kan ein elles lesa at Haugsvær skule vart bygd i 1894.

I samband med skulemuseumsarbeidet på Sleire er me på jakt etter gamle bilete frå skulehusa i kommunen vår. Det kan td vera bilete av skuleklassar eller aktivitet i og rundt skulehusa (17. mai-aktivitetar, andre arrangement mm).

Har du bilete vil me vera svært glade for å kunne låna desse og ta ein kopi.

Kontakt i tilfelle Mary Hope tlf 95171657 eller epost mary.hope@masfjorden.kommune.no

Redaksjonen

MASFJORD FOTBALLAG - NBK



Fotballsesongen går mot slutten. I heile haust har det vore høg aktivitet på fotballbanene i kommunen. Her eit glimt frå kamp mellom Masfjord og NBK, jenter 2011 på Matre 13. september. Sjølv om det vart eit surt tap for dei lokale håpa denne dagen, heng ikkje jentene med hovudet av den grunn. Tap og vinn med same sinn!

Foto: Mary Hope



STORFINT BESØK I MASFJORDEN BU- OG AKTIVITETSSENTER (MBA)

Den siste onsdagen i september var det duka for storfint besøk i MBA. Til eit fullsett aktivitetssenter, svingande rytmar og god stemning gjorde sjølvaste Erna Solberg entré. Husbandet med dei mange namn; The Einekavane, Svingen-gjengen eller MBA, eller Noko Slikt, (kjært band har mange namn), var i storform og serverte kjende melodiar på rekke og rad. Publikum klappa og song med når Susanne, Sunniva, Vemund og eg sette i gang med Fraggelene, Ungkarssalsen, When the stars go blue, Bru-songen og Kaptein Sortebill. Det var ikkje måte på kva Sortebill røva denne ettermiddagen, til og med regjeringa, til stor latter frå alle i salen. Me dikta tekst på sparket til Meet me in Stockholm, og slike «stunt» synest me er utruleg kjekt å gjera. Seansen var avslutta med Jon Martin og Andreas, og eit forrykande rockeshow med heftige gitar-riff.



Erna Solberg, stortingsrepresentant Ove Trellevik og ordførar Kartsein Totland sette stor pris på den flotte konserten

Etterpå var det samling rundt bordet, med herlege kaker og god prat. Erna spurde, og me fortalde om aktivitetssenteret, kva me gjorde på om dagane og korleis det er å bu her. Erna synest me hadde det utruleg fint, og vektla kor viktig det er med tilrettelagde bustader for funksjonshemma. Til slutt vart ho invitert inn i to av leilighetene, og det var stor stas å få sjølvaste Erna på besøk i stova. Tida gjekk fort, og brått måtte Erna skunda seg til bilen og hasta vidare til ferja og neste oppdrag.

Det er kjekt med besøk! Det krydrar kvardagen!
Besøk av ordførar og sjølvaste Erna Solberg!
På ein onsdag! Det er ikkje kvardags!
Kongefamilien neste?
Me gler oss alt!

Tekst: Jo Ronald Mjanger
Foto: Frank Kvinge

MATRE SKULE PÅ FJELLTUR

Me er gode til å nytte godværsdagar, me vestlendingar. På skulen var det stemning for fjelltur, for både små og store.

Den pålitelege bussjåføren (og nokre bilar), frakta gjengen i 1.- 10.klasse, trygt til Nystølen. Der starta skuledagen, med krystallblå himmel, klar haustluft og friske skuleelevar. Litt skodde låg som eit teppe ned mot Bjordal, men den kom aldri i vegen for solstrålane, som følgte oss like til fjells.

Spongevatnet var målet for rast, og fadrane hadde oppgåve med å sjå at alle hadde det trygt, og sosialt på turen. Bålet vart kveikt i vasskanten, og me boltra oss i tuer, lyng og kratt.



Spongevatnet

Nista smakte ekstra godt, og friluftsgleda var stor hjå mange. Fleire hadde fiskestenger, og prøvde lukka. Nokon dyppa føtene i vatnet, med ei trygg hand i læraren si, dei badelystne tok seg ein dukkert! Me leika i haugane saman, utforska området, og fekk god tid til å prata i lag. Dette var ein god dag.

Tekst og foto: Silje V Kjetland

SOMMARLESFEST



Sommarles er ei nasjonal lesekampanje for alle born i 1.-7.klasse, i regi av biblioteka. Elevane i Masfjorden har gjort ein fantastisk innsats i år, og heile 83% av elevane deltok. 122 elevar frå Masfjorden har til saman har lese 2374 bøker og 249 617 sider.

Dette vart feira med sommarlesfest på skulane i kommunen. I år, som i fjor, var det «kino» og popkorn som sto på agendaen. I tillegg var det diplom og loddtrekning av premiar.

Ikkje overraskande er det teikneserien «Nordlys» av Malin Falch som er både på 1., 2. og 3.plass på lista over dei mest leste bøkene i sommar.

Tekst: Andrea Horgen Kvinge
Foto: Silje V. Kjetland

STRAUMSTØTTE TIL LAG OG ORGANISASJONAR

Lotteri- og stiftelsestilsynet opnar for søknadar om straumstøtte 19. oktober.
Søknadsfristen er 16. november klokka 13.00.

No kan du søke straumstøtte for perioden juli til september 2022.
Lotteri- og stiftelsestilsynet vil betale ut straumstøtte fortløpande etter dei har opna for søknadar, slik at dei som søker tidleg kan få pengane raskast mogleg.

Straumstøtteordninga gjeld for organisasjonar med straumforbruk med ein månadleg gjennomsnittspris på over 70 øre per kWt i søknadsperioden. Mottakarar får dekkja 80 prosent av prisskilnaden mellom 70 øre per kWt og den månadlege gjennomsnittsprisen.

Kven kan søke?

Søkar må ha organisasjonsnummer for å kunne søke, og desse organisasjonane har rett til å søke:

- Verksemdar som er registrerte i Frivilligregisteret. Vi oppmodar organisasjonar som oppfyller kriteria, til å registrere seg.
- Verksemdar som ikkje er registrerte i Frivilligregisteret kan søke dersom eigarar/medlemmer med bestemmande innverknad er registrerte i Frivilligregisteret. Dette gjeld til dømes idrettslag som har skilt ut drifta i eit eige selskap som ikkje er registrert i Frivilligregisteret, der idrettslaget har den bestemmande innverknaden.
- Andre frivillige verksemdar som ikkje er registrerte i Frivilligheitsregisteret: Kan få støtte dersom verksemda hovudsakleg er driven av frivillig arbeidsinnsats og det ikkje er høve for privatpersonar eller kommersielle føretak å oppnå økonomiske fordeler frå verksemda. Med frivillig arbeidsinnsats meiner vi menneske som bidrar utan løn eller anna form for økonomisk motyting, verken no eller i framtida. Til dømes kan frittståande kyrkjelyds- og forsamlingshus under Den norske kyrkja, grendehus og lokale forsamlingshus søke om dei hovudsakleg er drivne av frivillig arbeidsinnsats.

MASFJORDEN LEGEKONTOR HAR REDUSERT KAPASITET

Masfjorden Legekontoret har for tida redusert kapasitet. Me manglar lege i ei av stillingane. I tillegg til dette er ein av legane sjukmeldt. Det vert arbeid med å betre kapasiteten.

I påvente av dette ber me om forståing for den personell situasjonen legekontoret no har. Nødvendig helsehjelp vert prioritert. Dette medfører lenger ventetid på ordinære legetimar.


På grunn av fastlegekrise i Norge, er det vanskeleg å få inn ein fast lege i stillinga. Me vil fram til sommaren 2023 og mogleg lenger ha legevikarar på kontoret. Ein vil då få tildelt timar hjå forskjellige legevikarar framover.

Du som pasient kan sjølv fornye og sjekke reseptar på Helsenorge.no.

Hugd også å forny reseptar i god tid før du skal hente ut på apoteket, seinast dagen før.



INFLUENSAVAKSINE I MASFJORDEN KOMMUNE - HAUSTEN 2022



No er det tid for den årlege influensavaksina.

Særleg viktig er det at personar som er i risiko for alvorleg sjukdom vaksinerer seg .

Desse personane er spesielt tilrådde å ta influensavaksine:

- Alle som har fylt 65 år
- Bebuarar i omsorgsbustadar og sjukeheim
- Barn og vaksne med:
- Diabetes mellitus, type 1 og 2
- Kronisk luftvegssjukdom
- Kronisk hjarte- og karsjukdom
- Kronisk leversvikt
- Kronisk nyresvikt
- Kronisk nevrologisk sjukdom eller -skade
- Nedsett immunforsvar
- Svært alvorleg fedme (BMI over 40)
- Anna alvorleg eller kronisk sjukdom
- Gravide i 2. og 3. trimester
- Gravide i 1. trimester med tilleggssisiko

I tillegg anbefalast influensavaksine til:

- Helsepersonell som har pasientkontakt.
- Husstandskontaktar til immunsupprimerte pasientar
- Svinerøktarar og andre som har regelmessig kontakt med levande grisar.

Ved spørsmål ta kontakt med:

Masfjorden legekantor tlf. 56 16 63 00.

Masfjorden helsestasjon: 56 16 63 14 / 56 16 63 13

Ein kan lese meir om vaksine her:

[Influensavaksine - FHI \(http://www.fhi.no/sv/influenza/influensavaksine\)](http://www.fhi.no/sv/influenza/influensavaksine)

[Pneumokokkvaksine til risikogrupper - FHI \(http://www.fhi.no/sv/vaksine/voksevakinasjon/pneumokokkvaksinasjon-for-voksne/\)](http://www.fhi.no/sv/vaksine/voksevakinasjon/pneumokokkvaksinasjon-for-voksne/)

Tekst:

Laila Mjånes, leiande helsesjukepleiar

Vaksinasjonsdagar:

Hosteland, gamle legekantoret:

Onsdag 26.oktober, kl. 12:30-18:00

Matre, gymsalen:

Torsdag 27.oktober, kl. 09:00-15:00

Sandnes, Kommunestyresalen.

Fredag 28.oktober, kl. 09:00-15:00

PNEUMOKOKK-VAKSINE:

Det vert moglegheit for å ta vaksinasjon mot pneumokokksjukdom for dei som er i risikogrupper for dette, så langt det er tilgang på vaksiner.

Det bør gå minst ei veke mellom koronavaksine og influensavaksine.

Influensavaksina kostar kr 200

Pneumokokkvaksina kostar kr 400

Betaling med Vipps til 520470, merk med vaksine.

Faktura kan bli sendt

Det er fint om de kan ta med akkurat summen vaksina kostar, om de vil betala kontant.



Bli med på rosa sløyfe-løp i Markhusdalen

5. november -22 kl. 12.00

Oppmøte/start/parkering og kafé ved Sleire grendahus

Opning ved ordførar Karstein Totland

Du kan velje om du vil gå eller springe innover.

Heile løypa er 3 km, men ein kan gå så langt ein sjølv vil.

Påmelding ved start (oppmøte)

Vipps nr. 520470 eller kontant

Vaksne kr. 150 Barn kr 100

**Påmeldingsavgifta vil uavkorta gå til
Kreftforeninga sin Rosa sløyfe-aksjon.**

Blime

Me veit at det rundt om i kommunen vert øvd på NRK-super sin Blime-dans, og me håpar alle vil øve litt ekstra på dansen, så me kan få med ein liten filmsnutt frå Rosa sløyfe-løpet på årets Blime-film.

Frå ca. kl 13 Kulturskuleelevar underheldt

Gratis saft, kaffi og kaker

Me oppmodar om å kle dykk i rosa.

Arr. Masfjorden kommune i samarbeid
med helselaga i Masfjorden

Jobbe og bu i Gulen og Masfjorden?

**Besøk jobb- og utdanningsmessa på Vidsyn,
Sløvåg,
mandag 28.11.21 frå 16.00 – 18.30.**

**Scann qr-koden for meir informasjon.
Velkommen!**



Gulen & Masfjorden Utvikling





Laila Kolve studerer utstillaga på skulemuséet
Foto: Mary Hope

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
21 november**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

KONTAKTINFORMASJON

TIL KOMMUNEN

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no



ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KONTAKTINFORMASJON

TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
E-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Tina Meland Corneliussen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post: tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Ungdomsarbeidar: Bergit Ynnesdal
Tlf.: 934 57 306
e-post: bergit.ynnesdal@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
E-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv
Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513